



**Skulemusikken har vorte flinkare og det er kjekt å dirigera dykk!
Denne klåre attesten kom dirigent Tor Skeie Olsen med då den tradisjonelle
grautfesten vart avvikla som sesongslutt på skulen ikveld. Og dei
som høyrde korpset spela 4 julekomposisjonar under konserten
i kyrkja sundag kveld kunne slutta seg til orda. Ikkje minst I Mitt hjerte
alltid vanger vart framgangen bekrefta
Ikkje færre enn 8 solistar var i aksjon under konserten..**

Akkurat no spelar 18 i skulemusikken etterat 3 har gått ut i det siste. Leiar Halldis Aakra verkar ikkje spesielt betenkt over det men strekar under at det alltid er ein dominoeffekt i slike korps. Ho er generelt full av ros både til styre og foreldregruppe over sterkt engasjement for korpset. då ho sjølv vert rost sterkt for engasjementet. Musikarane er mellom 9 og 15 år gamle. På biletet jublar dei over framgangen saman med dirigent og leiar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen